

Dykkar ref.

Vår ref.

23/1541-17

Dato:

19.04.2023

Delegert – Plan/geodata/oppmåling

Delegert saksnr: 007/23

Delegert vedtak - Nytt adressenamn 4018**Kort om saka:**

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval, og eining plan, geodata og oppmåling vert delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vart ikkje delegert.

Denne gongen gjeld saka eitt nytt adressenamn på Bjorøyna i Øygarden kommune. Vegen ligg i ein godkjent reguleringsplan ved Nilsvika, der utbygging er godt i gang og det er rekna innflytting i løpet av våren 2023. Akode 4018 er tildelt og mellombels namn på vegen er kalla *Veg 4018*.

Namneutvalet i kommunen har i saksførebuinga gått gjennom diverse materiale og kart for det aktuelle området. På bakgrunn av materiell som namneutvalet har funne har dei føreslege namn, men samstundes oppmoda til andre forslag frå publikum. Høyringa vart sendt til alle grunneigarar for området, men også lag/organisasjonar, mållag, kulturlag og utbyggar. Høyring vart dessutan lagt på Øygarden kommune sine heimesider 10.02.2023 med høyringsfrist 10.03.2023.

Innkome forslag saman med Namneutvalet sine forslag, vart sendt til Språkrådet for tilråding 14.03.2023. Svar frå Språkrådet kom 23.03.2023. Men sidan Språkrådet tilrådte adressenamn som allereie finst i kommunen vart dei gjort merksam på dette 23.03.2023. Nytt tilrådingsbrev frå Språkrådet vart motteke 03.04.2023.

Adressenamnet som no vert lagt fram er sjekka opp mot eksisterande namn i Øygarden kommune, og om det kan forvekslast i uttale eller skrivemåte.

Vedtaket om nye vegnamn vert sendt til dei som fekk høyringsbrev, evt andre som har gitt innspel, samt på heimesida til Øygarden kommune.

Vedtak:


Einingsleiar ved plan, geodata og oppmåling vedtek i medhald av Matrikkelova § 21 og Stadnamnlova § 7 følgjande veg i 4626 Øygarden kommune med adressenamnet:

Akode 4018: Nilsviktoppen

Saksopplysningar:

Akode 4018: Nilsviktoppen ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 124620070049 på Bjørøyna, nord ved tunnelingang. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Bjørøyvegen.



Figur 1 Utsnitt viser vegparsellen sin trase.



Figur 2 Utsnitt frå Hordanamn

Nilsvika (Norsk - Hovednavn)		–
Stadnamnummer:	834768-1	
Namnesaksstatus:	Ubehandla	
Namnstatus:	Hovednavn	
Vedtaksorgan:	Kartverket	
Tilleggsopplysning:	(ingen informasjon)	
Skrivemåtar		
Nilsvika Godkjent og prioritert		–
Skrivemåtenummer:	1	
Skrivemåtestatus:	Godkjent og prioritert	
Skrivemåtestatusdato:	1991-07-01	
Dokumentasjon på bruk av skrivemåten		–
Dokumentasjon:	Økonomisk kartverk 1:5 000	
Offentleg dokumentasjon:	Ja	
Beskriving:	AF055-5-3	
Dato:	2016-05-10	
Dokumentasjon:	Ssr	
Offentleg dokumentasjon:	Ja	
Beskriving:	Skrivemåtestatusdato fra SSR	
Dato:	1978-06-13	

Figur 3 Utklipp frå SSR, Kartverket. Nilsviktoppen er henta frå primærnamnet Nilsvika.

Innkome forslag: Nilsviktoppen, Nordre Nilsvika, Tunelltunet, Knausvegen, Tunelltoppen, Bjørøy Tufta, Øygardslia veien, Bjørøysli vegen, Tune vegen, Bjordli vegen, Tuna vegen, Øygardsjenet vegen, Øygardsstia vegen, Bjorli vegen, Bjoria vegen, Måre Fjell vegen, Prinsessa vegen, Øygardsli vegen, Nilsviktunet, Janaveien, Legeto(n)vegen, Tonesvegen, Signaturvegen, Utsikten, Sikten, Utsynet, Heia, Haugen, Haugene, Brødrene Bjørøys veg, Nordravegen

Adm forslag: Legetonesvegen, Nordravassvegen

Tilråding frå Språkrådet: Nordravassvegen, Austre Nilsvikhaugane, Nilsviktoppen

Det kom inn svært mange innspel på namn på vegen. Mange av desse namna var gode og kreative, og andre namn spela på allereie eksisterande nedervde stadnamn i området. Til liks med Språkrådet meiner Namneutvalet at vegnamnet bør ta utgangspunkt i eit av dei nedarva stadnamna i området. Ein kan såleis gå bort frå mange av dei innkomne forslaga.

Språkrådet tilrår Nordravassvegen og Austre Nilsvikhaugane, og har ingen merknader på skrivemåten Nilsviktoppen.

Namneutvalet vurderer difor desse tre namna som aktuelle. Ein kan sjå frå innspela at innbyggjarane ønskjer noko med "Nilsvik", då dette namnet er kjent for denne staden på Bjørøyna. Namneutvalet går difor bort frå Nordravassvegen. Namneutvalet synes at Austre Nilsvikhaugane er vel så tungt å uttale som nedstemte Legetonesvegen, og ønskjer ikkje dette. Ein står difor att med Nilsviktoppen som eit godt og dekkjande alternativ. Det er enkelt og greit å uttale, dekkjande på plassering, samt at det er tradisjon for å bruke –toppen som etterlekkje i adressenamn, då kommunen allereie har seks adressenamn med etterlekkje –toppen.

Språkrådet kommenterer Nilsviktoppen slik: *Me har ingen merknader til skrivemåten Nilsviktoppen. [...] Det høyrer likevel med til dette biletet at det i SSR er registrert tre nedarva lokale namn med etterlekken -toppen og at kommunen tidlegare har teke i bruk seks adressenamn med denne etterlekken.*

Folkehelseperspektiv:

Det er klare fordelar med offentleg vegadresse i kommunen.

Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider:

«En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklar kjørebekrivelse. Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»

Økonomiske konsekvensar:

Eining eigedom har ansvar for å setje opp adressenamnskilt og tilvisingsskilt der dette er naudsynt. Dette går frå driftsbudsjettet til Eining eigedom.

Vurdering:

Nilsviktoppen – Namnet er i tråd med innkomne innspel, men ikkje eitt av namna som administrasjonen har føreslått. Skrivemåten er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Nilsviktoppen vert vegnamn med adressekode 4018.

Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtak kan påklagast av dei som etter Stadnamnlova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn Jf. Stadnamnlova § 12 – Klage:

- a. eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1tredje ledd*
- b. eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. ein lokal organisasjon med særleg tilknyting til eit stadnamn*

Klagefrist er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunngivast og sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32.

De kan senda klagen til Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 RONG, evt e-post: postmottak@oygarden.kommune.no.

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følge, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.

De har rett til å sjå saksdokumenta og til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket, iht Stadnamnforskrifta §9, 2. ledd.

Med helsing

Hanna Gjesdal
leiar

Agnethe Veivåg
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Vedlegg

Adressenamn til uttale hos Språkrådet
Tilråding – namn på ein ny veg attmed Nilsvika
Namn på ein veg attmed Nilsvika – Tilråding